



Arkivnr: 2014/555-6  
Saksbehandlar: Lise Ådlandsvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet	07.05.2014

## Trafikksikringspris for Hordaland - vilkår

### Samandrag

I *Handlingsplan for trafikksikring for Hordaland 2014-2017* er det etablert ein trafikksikringspris som eit nytt trafikantretta tiltak i regi av Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU). Det er sett av 25.000 kr kvart år i denne planperioden. Føremålet med ein slik pris er å gje ei påskjønning til dei som legg ned mykje arbeid og engasjement for betre trafikktryggleik i fylket. Intensjonen er å på ein god måte å synleggjere trafikksikringsarbeidet i fylket, samstundes som prisen vil kunne vere til inspirasjon og motivasjon til vidare arbeid. Det er eit mål at prisen løfter fram enkeltpersonar eller grupper som har gjort ein særskilt innsats.

### Forslag til vedtak

FTU vedtek vilkåra for Trafikksikringspris for Hordaland.

Johnny Stiansen  
fung. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: Fylkeskommunal trafikksikringspris for Hordaland

**Fylkesrådmannen, 14.04.2014****Bakgrunn**

I *Handlingsplan for trafikksikring for Hordaland 2014-2017* er det etablert ein trafikksikringspris som eit nytt trafikantretta tiltak i regi av Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU). Det er sett av 25.000 kr kvart år i denne planperioden. Føremålet med ein slik pris er å gje ei påskjønning til dei som legg ned mykje arbeid og engasjement for betre trafikktryggleik i fylket. Intensjonen er å på ein god måte å synleggjere trafikksikringsarbeidet i fylket, samstundes som prisen vil kunne vere til inspirasjon og motivasjon til vidare arbeid. Det er eit mål at prisen løfter fram enkeltpersonar eller grupper som har gjort ein særskilt innsats.

Fylkesrådmannen har henta inn informasjon frå fleire andre fylkeskommunar som allereie har etablert ein trafikksikringspris. På bakgrunn av dette legg no fylkesrådmannen fram eit forslag til vilkår til Trafikksikringsprisen i Hordaland. Det er FTU som vil vere ansvarleg for nomineringsprosessen og tildeling av prisen.

**Kort om forslaget til vilkår for prisen**

Fyrst og fremst skal prisen stimulere til engasjement blant dei som i utgangspunktet ikkje har trafikksikring som si hovudoppgåve, men likevel har vist særleg stor innsats i samband med trafikksikringsarbeidet i fylket. Det er likevel slik at også personar som har trafikksikring som sitt daglege virke kan vere kandidatar til å kunne få tildelt prisen. Det endelege vedtaket om kven som skal tildelast prisen vert gjort av FTU.

Vidare vert det lagt opp til at prisen kan delast ut kvart år, men dette vil vere ei vurdering som må gjerast ut frå om det er aktuelle kandidatar til prisen.

Fylkesrådmannen legg i sitt forslag til føresegner opp til at prisen vert delt ut i samband med den årlege trafikksikringskonferansen for kommunane. Prisen på gáva er sett til 25.000 kroner, - noko som er om lag tilsvarande dei andre fylkeskommunane sine trafikksikringsprisar.

**Fylkesrådmannen sine kommentarar**

Etter fylkesrådmannen sitt syn så vert det gjort mykje godt frivillig trafikksikringsarbeid i Hordaland, som det er viktig å løfte fram til inspirasjon og motivasjon for andre. Ut frå dette så rår fylkesrådmannen til at FTU vedtek vilkåra for trafikksikringsprisen som no ligg føre.